

og Fiskarlagers Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 19.02.15

Vår ref. 165/ 15/BSI/5.7.12

Dykkar ref.: 15/1719

Fiskeridirektoratet region vest
Postboks 185, Sentrum
5804 Bergen

Att: Kristin Veberg

e-mail

SØKNAD OM ENDRING AV LOKALITET LANGØY, LINDÅS.

Viser til dykkar brev av 17.02.15, med vedlegg vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har vore i kontakt med lokal fiskar i Nordhordland Fiskarlag om saka.

Generelle merknader

Fiskarlaget Vest registrerer at ein får mange søknader om endra lokalitetar, auka biomasse (MTB) på eksisterande lokalitetar, samt søknad om nye lokalitetar, med m.a. bakgrunn i innføringa av Hardangerfjordforskrifta og inndeling i PD-/ lusesoner.

Fiskarlaget Vest meiner at det ikkje må førast ein bit for bit politikk frå styresmaktene, men at ein må vurdere kva eit **større** område toler av oppdrett i **tillegg til** anna utslepp til sjø. Oppdrettsnæringa må i utgangspunktet velje gode lokalitetar, som ikkje er i konflikt med fiskerinæringa, slik at det ikkje blir slik at ein forureinar eit området for deretter å sökje om ny plass.

Fiskarlaget Vest meiner òg at styresmaktene må definere kva som er **akseptabel negativ påverknad** frå oppdrettsnæringa på anna næring, her villfisk. men ikkje berre vill laksefisk. Fiskarlaget Vest vil minne om seiproblematikken, spesielt i høve til garnfiske.

Ein kan ikkje godta at styresmaktene seier at ein har ei berekraftig oppdrettsnæring om ein får kontroll på rømming og luseproblematikken.

Det er òg andre tilhøve som må takast med i ei slik vurdering. Deriblant m.a. bruken av kjemiske avlusningsmiddel. jf. rapport frå Havforskningsinstituttet om saka i januar 2013.



IRIS i Stavanger har òg gjort nokon forsøk i høve bruk av ein skilde avlusingsmiddel i høve reke, jf. link: <http://www.nrk.no/nordland/bekymret-for-legemidler-i-oppdrett-1.11931728>

Fiskarlaget Vest meiner at det må kome fram på kommuneplankarta kva område som verkeleg blir beslaglagt for anna bruk/næring av eit oppdrettsanlegg, ikkje kun sjølege anlegget.

Oppdrettsnæringa må kontinuerleg arbeide for at ankersistema blir kortast mogeleg innanfor krava som er stilt, for å redusere område som blir bandlagt for anna bruk/næring.

Det er viktig at oppdrettslokalitetar/fortøyningar/fester under vatn som ikkje er i bruk lenger blir rydda skikkeleg.

Lokaliteten Langøy

Ifølgje Fiskeridirektoratet sin kartdatabase er det ikkje registrert område for fiske umiddelbart nær anlegget, jf. vedlagde kart.

No blir det søkt om å auka beslaglagt sjøareal på overflata, inkl. førfalte, frå 27 dekar til 95 dekar, dvs over ei tredobling.

Ein god del av sjølege anlegget er omsøkt utanfor akvakulturområdet i kommuneplanen.

Fiskarlaget Vest meiner at fortøyningane på dette anlegget beslaglegg eit stort område, og ein må korte ned fortøyningane så mykje ein kan innafor gjeldande krav, viss det blir gjeve løyve.

Om anlegget inkl. fortøyningsområdet hadde vore synleggjort i kommuneplanen, hadde det vist kva sjøområde som verkeleg blir beslaglagt for anna bruk.

For at Hordaland Fylkeskommune eventuelt skal kunne gje løyve i denne saka må Lindås kommune gje dispensasjon frå kommuneplanen.

Fiskarlaget Vest stiller spørsmål ved kva juridisk funksjon kommuneplanen har då det stadig blir gjeve dispensasjon frå nyleg vedtatte planar?


Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebø
Britt Sæle Instebø

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag
Hordaland Fylkeskommune
Fylkesmannen i Hordaland
Lindås kommune

Lindås, Langøy

© Fiskeridirektoratet



Målestokk: 1:21 872